



130,1 mill. kr
driftsresultat



207,6 mill. kr
investert



2 933,2 mill. kr
balanse

ÅRSRAPPORT MØRENETT

ÅRSMELDING, RESULTAT OG SELSKAPSFORMLASJON
#2021 / ÅRSRAPPORT



Mørenett

INNHALD

Kundene er vinnarane	5
Organisasjon og bakgrunn	6
Nøkkeltal	8
Årsmelding frå styret	9
Resultat	13
Balanse	14
Notar til rekneskapen	17
Kontantstraumoppstilling	30
Revisjonsmelding	32
Framtidsutsikter	34
HMS	36
Likestilling	38
Divisjonen for nettforvaltar	42
Montasjedivisjonen	46
Nettkundedivisjonen	48
Driftssentralen	52
Styret i Mørenett AS	54

“Rammevilkåra for nettverksemda er under endring. Strukturen i dag er prega av mange små og mellomstore nettselskap med stor ulikskap innan eigarskap, organisasjonsmodell og potensiale for effektiv drift.”



KUNDANE ER VINNARANE

RUNE KIPERBERG
ADMINISTRERANDE DIREKTØR

Samfunnet står føre omfattande endringar for å leggje til rette for reduserte klimautslepp. Elektrifisering er ein del av løysinga, der kraftnettet vil vere nøkkelen for å kunne leggje til rette for det grøne skiftet.

Samfunnet vert meir og meir avhengig av eit vel-fungerande kraftnett med rett kvalitet til ein rett kostnad. Dette medfører omfattande investeringar i kraftnettet i åra framover, der nettkunden og samfunnet sine forventingar skal løysast. For å møte denne framtida aukar kravet til kompetanse, effektiv drift og økonomisk løfteevne.

Behovet for auka investeringar vil vere stort i åra som kjem. Dette gjeld både reinvesteringar og nyinvesteringar. Strukturen vi har i dag, med eit stort lappeteppa av nettselskap, gir mange grenseflater. Skal vi sikre samfunnsøkonomisk rette tiltak må vi sikre at utbygging og vedlikehald av kraftnettet vert sett i ein større samanheng, også geografisk.

Kompetansebehovet i næringa vår vil auke betydeleg i åra framover, ikkje minst grunna digitalisering av kraftnettet. Smarte strammålarar er eit døme, eit anna døme er NVE si innføring av digitale kraftsystemplanar. Skal alle nettselskap byggje opp naudsynt kompetanse for å møte ei krevjande framtid kan dette verte dyrekjøpt.

Bransjestrukturen vil måtte gå i retning av større einingar for å leggje til rette for auka soliditet og stordriftsfordelar. Thema Consulting Group har på oppdrag av NVE gjennomført ein studie ut frå erfaringar med gjennomførte nettfusjonar. Rapporten viser at det anslagsvis er mogleg med innsparingar på 30 til 40 prosent av

drifts- og vedlikehaldskostnadene i forhold til det minste selskapet sine kostnader. Særleg små nettselskap kan senke kostnadene betydeleg dersom dei slår seg saman. Sidan nettselskap er regulert, betyr dette at desse kostnadsreduksjonane også vil kome straukundane til gode. Thema Consulting Group indikerer at selskap med mindre enn 30 000 kundar i snitt vil kunne redusere nettleiga med knapt 8 øre/kWh ved samanslåingar. I Noreg er det heile 106 nettselskap. 13 av desse selskapa har meir enn 30 000 kundar medan heile 45 har mindre enn 7 000 kundar.

Evnar vi som nettselskap å setje kunden og samfunnsansvaret vårt i høgsetet? Ikkje alle, men heldigvis tek fleire og fleire nettselskap innover seg desse utfordringane, og greier ut meir kostnadseffektive og kompetente strukturar. Det gjer vi også i Mørenett. I 2021 vart nettselskapet Brenett ein del av Mørenett. Parallelt med dette vart det inngått intensjonsavtale med nettselskapet Linja om utgreiing av mogleg fusjon, ei utgreiing som skal vere avslutta i løpet av 2022. Frå 1. januar 2023 skal vi overta Statnett sitt 132 kV-nett gjennom fylket. Dette er godt nytt for kundane våre, som vil få Mørenett som ein endå meir kompetent og kostnadseffektiv leverandør.



ORGANISASJON OG BAKGRUNN

Mørenett er det leiande kompetanse- og teknologiselskapet innan elektrifisering av regionen, og ein framoverlent tilretteleggjar for ei grønare framtid.


Selskapet hadde ved utgangen av 2021 160 tilsette, som utførte 157 årsverk. I tillegg hadde selskapet åtte lærlingar i energimontørfaget.

Frå 1. november 2021 vart Brenett AS i Stryn, med 16 fast tilsette, fusjonert inn i selskapet.

Organisering

Mørenett AS er eit felleskontrollert selskap, eigd av Tafjord Kraft AS med 50,68 prosent og Tussa Kraft med 49,32 prosent.

Selskapet er organisert i tre divisjonar: nettforvaltar, nettkunde og montasje. Driftssentralen er organisert i stab.



NØKKELTAL

TAL I MILL. KR

	2021	2020	2019	2018	DEFINISJONAR
RESULTAT OG BALANSE					
Energisal	10,8	4,0	14,8	15,1	
Nettleige	611,1	567,6	579,5	554,1	
Driftsinntekter	649,9	595,3	619,2	593,3	
Driftsresultat	130,1	149,9	139,1	117,9	
Årsresultat	87,2	101,4	83,0	78,0	
Totalkapital	2 933,2	2 570,6	2 477,6	2 410,5	
Eigenkapital	1 032,6	899,5	857,3	823,3	
Utbyte	43,5	50,6	41,5	40,0	
EBITDA	227,4	246,2	221,9	191,4	Driftsresultat + avskrivningar
Årlege investeringar	207,6	219,2	185,5	331,6	
Driftsresultat monopol (inkl. estimatavvik)	159,4	140,8	128,4	150,1	
LØNSEMD					
Totalkapitalrentabilitet i %	4,8	6,0	5,8	5,4	(Resultat før EOP + finanskost.)/gjennomsnittleg totalkapital
Eigenkapitalrentabilitet i %	11,6	14,8	12,8	12,8	Resultat før EOP/gjennomsnittleg eigenkapital
Resultatgrad i %	20,2	25,4	22,8	20,4	(Resultat før EOP + rentekost.)/(driftsinntekt + finansinntekt)
Kapitalomløp	0,2	0,2	0,3	0,3	(Driftsinntekter + finansinntekter)/gjennomsnittleg totalkapital
KAPITALTILHØVE					
Eigenkapital i %	35,2	35,0	34,6	34,2	Eigenkapital/totalkapital
Rentedekningsgrad	6,9	6,9	4,1	6,2	(Resultat før skatt + finanskostnader)/finanskostnader
Likviditetsgrad 1	1,4	0,8	0,8	0,9	Omløpsmidlar/kortsiktig gjeld
Utbyte i %	49,9	49,9	50	51,3	Utbyte/årsoverskot
PERSONAL					
Fast tilsette	160	139	140	143	
Omsetning pr. tilsett	4,1	4,3	4,4	4,1	Omsetning/fast tilsette
Driftsresultat pr. tilsett	0,8	1,1	1,0	0,8	Driftsresultat/fast tilsette
NØKKELTAL BRANSJE					
Avkastningsgrunnlag (mill. kr)	2 507,3	2 254,9	2 150,5	1 940,3	Gj.snitt BV dr.middel inkl 1 % påslag arbeidskapital
Avkastning monopol i %	6,4	6,2	6	7,7	Driftsresultat monopol/avkastningsgrunnlaget
DEA-score etter kalibrering i %	99,2	103,0	97	93,9	
Levert sluttbrukar distribusjonsnett GWh	1 984,4	1 782,7	1 756,4	1 742,0	
Tap i distribusjonsnett GWh	104,4	81,0	93,9	99,5	
Tap i distribusjonsnett i %	5,0	4,4	5,1	5,4	Tap i distribusjonsnett/innlevert kraft i distribusjonsnett
Tap i regionalnett GWh	61,2	66,4	56,7	55,9	
Tap i regionalnett i %	3,8	4,8	3,8	3,8	
KILE i mill. kr	21,0	22,1	18,3	30,8	Kvalitetsjustert inntektsramme ved ikkje levert energi

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2021

Lokalisering

Mørenett AS har hovudkontor i Dragsund i Herøy kommune, og avdelingar i Ålesund, Valldal, Fiskå og Stryn. Selskapet har distribusjonsnett i kommunane Volda, Ørsta, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Ålesund, Fjord, Giske og Stryn. Regionalnettet dekkjer i tillegg kommunane Vestnes, Sykkylven og Stranda. Mørenett AS har om lag 73 000 aktive målepunkt i distribusjons-nettet.

Verksemda

Mørenett AS er eit felleskontrollert selskap eigd av Tafjord Kraft AS med 50,68 % og Tussa Kraft AS med 49,32 %. Mørenett AS eig og driv eit energiforsyningsnett med 3 003 nettstasjonar og 25 transformatorstasjonar. Frå 1. november 2021 fusjonerte Mørenett AS med Brenett AS i Stryn. Brenett AS kom inn i Mørenett AS med 131,2 mill. kr i nettkapital og om lag 4 500 kundar.

Selskapet er organisert etter eit bestillar-utførar prinsipp med divisjonane nettførarar, montasje og nettkunde. Ein stab skal støtte dei ulike prosessane i selskapet, og Mørenett AS har døgnbemanna driftssentral.

Mørenett AS har teikna forsikring for styremedlemene og dagleg leiar knytt til mogleg ansvar overfor føretaket og tredjepersonar, med forsikringsdekning på inntil 50 000 000 kr for styremedlemmer og dagleg leiar.

Forbruket i Mørenett AS sitt distribusjonsnett var 201 GWh høgare enn året før. I 2021 var det levert 1 984 GWh til sluttbrukar mot 1 783 GWh i 2020. Tapet i distribusjonsnettet i 2021 var 104 GWh eller 5 prosent av levert energi.

Mørenett AS hadde omfattande investeringar i 2021. I regionalnettet er det gjennomført restarbeid knytt til transformatorstasjonane i Alvestad og Stranda. Det er også gjennomført tiltak på 132 kV luftlinje på strekninga frå Haugen til Ryste og Håheim. Tiltaket har gitt ei auke i overføringsevna til nettet med 30 %. I 132 kV luftlinje Giskemo-Alvestad og Giskemo-Kjelbotn er det gjort tiltak som forlengjer restlevetida og reduserer risikoen

for feil. Arbeidet med å fornye og utvide Giskemo transformatorstasjon starta opp i 2021. Prosjektet er det største i Mørenett AS si historie med ei ramme på om lag 200 mill. kr og ei tidslinje på 5 år.

I distribusjonsnettet er det arbeid mykje med elektrifisering. Spesielt har overgangen til elektriske ferjer utløyst store investeringar, der delar av investeringane er finansiert med anleggsbidrag. Både med sambanda Volda-Folkestad og Festøya-Solavågen er det arbeid med førebuing til elektrisk drift. I tillegg er nettet forsterka og tilrettelagt for elektrifisering for både bedrifter, bustadar, landstraum for cruisebåtar og lade-stasjonar for køyretøy. I tillegg har Mørenett AS gjort ei rekke reinvesteringar i eksisterande anlegg, både kabel, sjøkabel og luftspenn.

Når det gjeld drift- og vedlikehaldsoppgåver er desse gjennomført i samsvar med planane, både for brytar-revisjonar og tilstandsinspeksjonar av linjer og stasjonar. Særskilt kan arbeidet med skogrydding nemnast, der sterk tilvekst krev store ressursar.

Mørenett AS og Statnett samarbeidar om å kartleggje behovet for nettførsterkingar under Ørskog og Ørsta transformatorstasjon. Denne Sunnmørsanalysen avdekkjer behov for nettførsterkingar både i transmisjonsnettet eigd av Statnett, og i det regionale distribusjonsnettet eigd av Mørenett AS. Fram til forsterkingane er på plass vil det vere avgrensa moglegheit for nye tilknyttingar utan vilkår.

Analyse av årsrekneskapan

Samla driftsinntekter for Mørenett AS vart 649,9 mill. kr i 2021, mot 595,3 mill. kr i 2020. Driftsresultatet vart 130,1 mill. kr, mot 149,9 mill. kr i 2020. Resultat før skatt er 112,1 mill. kr, mot 130 mill. kr i 2020. Årsresultatet for 2021 vart 87,2 mill. kr, mot 101,4 mill. kr i 2020.

Det økonomiske resultatet er tilfredsstillande med bakgrunn i selskapet sine mål om å bli meir kostnadseffektivt over tid. Endringa i driftsresultatet frå 2020 til 2021 er i stor grad relatert til samansetninga av

inntektsramma, der moment som kostnadsgrunnlag, KPI og rente påverkar ramma frå år til år.

Mørenett AS har gjennomført forskings- og utviklingsaktivitetar tilsvarende 1,9 mill. kr. Selskapet hadde ved utgangen av 2021 ei samla netto meirinntekt inkl. renter på 12,5 mill. kr. Samla kontantstrøm frå driftsaktivitetar var på 137,7 mill. kr mot 196,2 mill. kr i 2020. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar er på 217,3 mill. kr, og i 2020 var han 211,2 mill. kr. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar var på 136,6 mill. kr, mot 18,5 mill. kr i 2020. Dei samla eigenfinansierte investeringane for 2021 gjeld i hovudsak ny- og reinvestering i nettanlegg.

Anleggsmidlane er bokført med 2 641,6 mill. kr ved utgangen av året, mot 2 366,7 mill. kr i 2020. Auken skriv seg frå inntak av anleggsverdiar frå Brenett AS og egne investeringar i nettanlegg. Omløpsmidlane er på 291,7 mill. kr, mot 203,9 mill. kr i 2020.

Tussa Kraft AS kjøpte Energiselskapet Stryn AS 1. juli 2021. Mørenett AS vart eigar av Brenett AS (dotter i Energiselskapet Stryn AS) gjennom aksjekapitalutviding der Tussa Kraft AS vart ein større eigar av Mørenett AS. Frå 1. november 2021 fusjonerte Mørenett AS med Brenett AS. Fusjonen er gjennomført etter konsernkontinuitet.

Oppdatering av vurdering knytt til verdsetting og allokering av meirverdiar er under utarbeiding og er planlagt ferdigstilt innan 31.05.2022.

Avskrivingsplan er grunngeve med at ein meiner goodwill har ei forventet levetid på 10 år. Oppdatering av vurdering knytt til allokering av meirverdiar for Brenett AS er under utarbeiding og er planlagt ferdigstilt innan 31.05.2022. For rekneskapsåret 2021 har ein som ei førebels løysing plassert meirverdien til goodwill.

Selskapet har ein auke i kortsiktige fordringar på 20,9 %, og auken er relatert til dei høge kraftprisane vi hadde i 2021.

Mørenett AS si likviditetsbeholdning var tilfredsstillande. Selskapet har evne til å finansiere drift og investeringar gjennom tilgang til likviditet innbetalt frå nettleige og finansiering gjennom bankavtalar.

Totalkapitalen var ved utgangen av året 2 933,2 mill. kr, mot 2 570,6 i 2020. Varige driftsmidlar har auka med 248,8 mill. kr i året eller 9,6 %. Eigenkapitalen var på

1 032,6 mill. kr, og eigenkapitaldelen er 35,2 %, auke frå 35 % i 2020.

Framtidig utvikling

Mørenett AS har gjennomført ulike tiltak som gjer at selskapet er eit reindyrka nettselskap, og selskapet ønskjer å vere ein sentral aktør i vidare struktur- endringar på Nordvestlandet.

Mørenett AS sine erfaringar tilseier at skalafordelane med å vekse er betydelege, både med omsyn til kompetanse, men også for å realisere økonomiske synergjar. Mørenett AS har signert avtale om kjøp av Statnett sitt regionale distribusjonsnett i Møre og Romsdal, og forventar at transaksjonen er gjennomført innan 01.01.2023. Dette vil gi Mørenett AS fleire oppgaver, og vil leggje grunnlaget for vidare vekst knytt til strukturendringar.

Mørenett AS har også signert intensjonsavtale med Tafjord Kraft AS, SFE AS og Tussa Kraft AS om fusjon mellom Linja AS og Mørenett AS. Fusjonsprosessen er godt i gang, og avgjerd er forventa i løpet av 2. kvartal. Om fusjonen blir gjennomført vil fusjonert selskap vere på plass frå 1. januar 2023.

Selskapet legg stor vekt på berekraftig utvikling og har etablert mål for eige fotavtrykk. Skal Mørenett AS bli oppfatta som ein god ambassadør for det grøne skiftet, må dette vise att både mot kundar, leverandørar, samarbeidspartnarar og tilsette.

Finansiell risiko

Overordna mål og strategi

Selskapet har som mål å sikre gode resultat og stabilt utbyte til eigarane, og søker å balansere gode resultat med berekraftig verdiskaping.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følge av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Pensjonsmidlane selskapet har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom høvesvis BKK Pensjonskasse, DNB Liv og KLP. Renterisiko påverkar selskapet gjennom nettregrulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Styret sin politikk er at Mørenett AS ikkje driv sikring. Renteendringar vil i stor grad utlikne kvarandre gjennom endring i nettinntekt og endring i finanskostnader.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle sine forpliktingar. Risiko for tap på fordringar er vurdert som låg fordi 92 % av kundane inngår i gjennomfaktureringsavtale som Mørenett AS har med kraftleverandørane. For alle desse kundane har selskapet sikkerheit for oppgjer gjennom bankgaranti frå kraftleverandøren.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i eignelutar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Mørenett AS er sikra naudsynt likviditet gjennom to bankar, og selskapet har tilgjengelege trekkrettar som sikrar likviditet framover. Risikoen blir difor vurdert som låg.

Vidare drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift av Mørenett AS sine forpliktingar og aktivitetar er til stades, og denne føresetnaden er lagt til grunn i utarbeidinga av årsrekneskapsplanen. Selskapet har utarbeidd prognosar for resultat i perioden 2022-2024 og strategiske prognosar for åra framover. Styret stadfestar at årsmeldinga gir eit rettvisst bilete over utviklinga og resultatet til selskapet.

Resultatdisponering

Årsresultatet for Mørenett AS etter skatt vart i 2021 på 87,2 mill. kr og styret foreslår følgjande disponering av årsresultatet:

Utbyte	43 500 000 kr
Anna eigenkapital	43 736 515 kr
Totalt disponert	87 236 515 kr

Koronapandemien hadde også i 2021 store konsekvensar for samfunnet. Mørenett har oppdaterte pandemi- og beredskapsplanar og vi gjennomførte ulike tiltak for å redusere selskapet sin risiko. Selskapet sine inntekter er i stor grad sikra gjennom monopolregulering. Ut over auka kostnader knytt til smittevern hadde koronapandemien avgrensa innverknad på selskapet sin aktivitet og lønsemd i 2021. Det er så langt erfart liten innverknad på selskapet sin aktivitet og lønsemd i 2022, og styresmaktene signaliserer at pandemien er over i ein fase der den ikkje lenger blir karakterisert som ein samfunnskritisk sjukdom.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2021 var det 160 fast tilsette i Mørenett AS, ein auke på 21 fast tilsette frå 2020. Selskapet hadde på same tidspunkt 7 lærlingar, mot 7 i 2020. Fusjonen med Brenett AS tilførte oss 16 nye medarbeidarar i Stryn.

I 2021 har selskapet hatt 2 skadar mot 3 i 2020. Skadane har medført 138 fråværsdagar. Selskapet jobbar dagleg med helse, miljø og tryggleik (HMS), og vil halde fram arbeidet med mål om å redusere arbeidsulykkene i selskapet. Mørenett AS har bedriftshelsetenesta med på laget i det førebyggjande HMS-arbeidet.

Arbeidsmiljøutvalet har gjennomført 4 møte i 2021. Ei rekkje saker er handsama, og informasjon til tilsette er gitt av arbeidsgjevar og/eller tilsette sine organisasjonar. Samarbeidet med dei tilsette sine organisasjonar har vore godt i 2021.

Likestilling

Personalpolitikken er tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd. Mørenett AS har retningslinjer for tilsetjing som skal fremje likestilling og eit lønssystem som er kjønnsnøytralt og skal hindre ulik handsaming.

Nøkkeltal for likestilling

	Samla tal	Tal menn	Tal kvinner	Kvinnedel
Styret	6	5	1	17 %
Leiargruppa	10	8	2	20 %
Seksjonsleiarar	6	6	-	-
Lærlingar	8	8	-	-
Fast tilsette	160	136	24	15 %

Vi syner til årsrapporten sitt kapittel om likestilling for meir informasjon.

I tillegg har Mørenett AS lagt forholda godt til rette med fleksible ordningar for tilsette, noko som gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Mørenett AS har pr. 31.12.2021 24 kvinnelege tilsette. Av 160 fast tilsette gir dette ein del på 15 %. Kjønnfordelinga i styret er ei kvinne og fem menn. I selskapet si leiargruppe er fordelinga to kvinner og åtte menn.

Diskriminering

Selskapet godtek inga form for diskriminering. Selskapet har etiske reglar og rutinar for varsling av kritikkverdige tilhøve.

Ytre miljø

Nettverksemda påverkar det ytre miljøet gjennom bygging og drift av luftlinjer, jord- og sjøkablar og transformatorstasjonar. Det ytre miljøet blir påverka reint visuelt, samstundes som det legg beslag på areal og medfører restriksjonar på anna verksemd nær linjene. Mørenett AS legg vekt på at kraftlinjer skal leggjast slik at den visuelle effekten blir minst mogleg skjemmande, og det vert lagt vekt på å bruke miljøvennlege produkt.

Dragsund 10. mars 2022
Styret i Mørenett AS



Erik Espeset
styreleiar



Elling Andreas Dybdal
nestleiar



Terje Søvikhagen
styremedlem



Nina Melle Scharning
styremedlem



Idar Aulfem Øye
styremedlem



Frode Verpeide
styremedlem



Rune Kiperberg
adm. direktør

RESULTAT

TAL I 1 000 KR

	NOTE	2021	2020
Energisal	2, 13	10 819	4 021
Nettinntekt	2, 13	611 091	567 588
Andre driftsinntekter	2, 13	28 016	23 666
Sum driftsinntekter		649 925	595 275
Energikjøp og overføringskostnader	2	213 544	164 969
Løns- og personalkostnader	2, 3, 18	86 380	70 390
Avskrivningar	2, 6, 7	97 349	96 245
Andre driftskostnader	2	122 596	113 727
Sum driftskostnader		519 868	445 331
Driftsresultat		130 057	149 943
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt	4	460	814
Anna finansinntekt	4	675	1 216
Rentekostnader	4	19 210	21 842
Annan finanskostnad	4	(115)	121
Resultat av finansposter		(17 960)	(19 932)
Ordinært resultat før skatt		112 097	130 012
Skattekostnad på ordinært resultat	5	24 860	28 648
Ordinært årsresultat		87 237	101 364
Årsresultat		87 237	101 364
OVERFØRINGAR			
Avsett utbyte	17	43 500	50 600
Overføring anna eigenkapital	17	43 737	50 764
Overføringar		87 237	101 364

BALANSE

TAL I 1 000 KR

	NOTE	2021	2020
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Lisensar, konsesjonar	6	5 027	1 403
Utsett skattefordel	5	-	10 430
Goodwill	6	27 451	907
Sum immaterielle eigedelar		32 477	12 740
Bygningar og bustader	7, 20	103 410	106 833
Nettanlegg	7, 20	2 325 116	2 094 772
Transportmidlar, inventar og maskinar	7, 20	120 232	107 285
Anlegg under arbeid	7, 20	53 357	44 445
Sum varige driftsmidlar		2 602 114	2 353 334
Andre aksjar og liknande	8, 10	77	-
Investeringar i aksjar og partar	8, 9	599	599
Andre langsiktige krav		6 762	6
Sum finansielle anleggsmidlar		7 438	605
Sum anleggsmidlar		2 642 030	2 366 680
OMLØPSMIDLAR			
Varelager	14	22 873	13 698
Kundefordringar	11, 19	73 323	53 815
Andre fordringar	2, 11	54 285	52 526
Sum fordringar		127 608	106 341
Bankinnskott, kontantar og liknande	15	141 182	83 876
Sum omløpsmidlar		291 664	203 915
Sum eigedelar		2 933 693	2 570 595

	NOTE	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	16, 17	423 520	400 000
Fond/overkurs	8, 17	155 873	113 302
Annan innskoten eigenkapital	17	29 055	29 055
Annan eigenkapital	17	424 159	357 183
Sum eigenkapital		1 032 608	899 540
GJELD			
Pensjonsplikter	18	10 116	25 936
Utsett skatt		17 701	-
Sum avsetning for forpliktingar		27 867	25 936
Langsiktige lån	12, 20, 21	1 660 000	1 400 000
Sum langsiktig gjeld		1 660 000	1 400 000
Leverandørgjeld	11, 19	47 079	44 394
Betalbar skatt	5	5 087	21 286
Skattetrekk andre trekk og offentlege avgifter		84 332	79 823
Avsett utbyte	17	43 500	50 600
Anna kortsiktig gjeld	13	33 220	49 015
Sum kortsiktig gjeld		213 219	245 119
Sum gjeld		1 900 635	1 671 054
Sum eigenkapital og gjeld		2 933 693	2 570 595

Dragsund 10. mars 2022
Styret i Mørenett AS




Erik Espeset
styreleiar



Nina Melle Scharning
styremedlem



Elling Andreas Dybdal
nestleiar



Idar Auflem Øye
styremedlem



Terje Søvikhagen
styremedlem



Frode Verpeide
styremedlem



Rune Kiperberg
adm. direktør

NOTEOVERSIKT

Note 1. Rekneskapsprinsipp	17
Note 2. Salsinntekter pr. forretningsområde	19
Note 3. Lønskostn., tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette og godtgj. revisor	20
Note 4. Finanspostar	20
Note 5. Skatt	21
Note 6. Immaterielle eigedelar	22
Note 7. Varige driftsmidlar	22
Note 8. Datterselskap, tilknytte selskap m.m.	23
Note 9. Finansiell marknadsrisiko	23
Note 10. Aksjar og delar i andre føretak m.m.	23
Note 11. Mellomverande med tilknytt selskap	24
Note 12. Fordringar og gjeld	24
Note 13. Segmentinformasjon	24
Note 14. Lager av innkjøpte varer	25
Note 15. Bankinnskott	25
Note 16. Aksjekapital og aksjonærinformasjon	25
Note 17. Eigenkapital	26
Note 18. Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar	26
Note 19. Transaksjonar med nærstående partar	29
Note 20. Pant og garantiar	29
Note 21. Ekstern gjeld	29

NOTAR TIL REKNESKAPEN

Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk.

Bruk av estimat

I tråd med god rekneskapskikk har leiinga brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapsprinsippet og verdiane av eigedelar og gjeld, i tillegg til usikre eigedelar og plikter på balansedagen under utarbeidinga av årsrekneskapsprinsippet.

Inntekter

Nettverksemda blir regulert av styresmaktene, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årleg inntektsramme for kvart selskap. Inntektsramma skal gi dekning for netteigar sine faktiske kostnader, og ei rimeleg avkastning på investert kapital. Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og godkjent inntekt rekna ut i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som anten gjeld til nettkundar eller fordring på nettkundar. Av akkumulert meir-/mindreinntekt vert det rekna rente, basert på rentesats fastsett av NVE.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapsprinsippet omfattar både betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt utgjer 22 % av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, og skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i same periode, er utlikna. Visse postar blir likevel vurdert særskilt, til dømes pensjonsplikter. Netto utsett skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynleg at han kan bli nyttegjort. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, er ført netto i balansen. Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad postane relaterer seg til postar ført direkte mot eigenkapitalen.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter kjøpstidspunktet, og postar som relaterer seg til varekrinslaupen. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmiddel er vurdert til kostpris, fråtrekt av- og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Forsking og utvikling

Utgifter til utvikling blir balanseført i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigedel, og utgiftene kan målast på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsført løpande. Balanseført utvikling blir avskrive lineært over økonomisk levetid. Utgifter til forskning blir kostnadsført løpande.

Oppkjøp og fusjon med datterselskapet Brenett AS

Tussa Kraft AS kjøpte konsernet Energiselskapet Stryn AS 1. juli 2021. Mørenett AS vart 100 % eigar av Brenett AS (datterselskap i Energiselskapet Stryn AS) 2. juli 2021 gjennom aksjekapitalutviding. Deretter fusjonerte Mørenett AS med Brenett AS med rekneskapsmessig verknad frå 2. juli 2021 (konsernkontinuitet) og skattemessig verknad frå 1. januar 2021. Samanlikningstala i resultatrekneskapsprinsippet, balansen og kontantstraumoppstilling er ikkje omarbeidd. Kjøpte datterselskap blir rekneskapsført basert på morselskapet sin kostpris. Kostpris blir tilordna identifiserbare eigedelar og gjeld i datterselskapet, som blir oppført i rekneskapsprinsippet til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet. Eventuell meirverdi ut over kva som kan henførast til identifiserbare eigedelar og gjeld, blir balanseført som goodwill. Goodwill blir handsama som ein residual og blir balanseført med den delen som er observert i oppkjøpstransaksjonen. Meirverdiar i rekneskapsprinsippet blir avskrive over dei oppkjøpte eigedelane si forventa levetid.

Immaterielle eigedelar og goodwill

Goodwill har oppstått i samband med kjøp av datterselskap. Goodwill avskrivast over forventa levetid.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrivne lineært over driftsmidlet si forventa levetid. Vesentlege driftsmiddel som består av betydelege komponentar med ulik levetid er dekomponert med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetringar blir tillagt drifts-midlet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet. Dersom gjenvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi vert det nedskrive til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er høgst av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av dei framtidige kontantstraumane som eigedelen er forventa å generere.

Dotterselskap/tilknytte selskap

Dotterselskap er selskap der Mørenett AS har kontroll, og dermed avgjerande påverknad på selskapet sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn halvparten av den røysteføre kapitalen. Vi har ingen slike eigarskap pr. 31.12.2021. Tilknytte selskap er selskap der Mørenett AS har betydeleg (men ikkje avgjerande) påverknad, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigardel på mellom 20 % og 50 %). Tilknytte selskap vert vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

Behaldning av varer

Varelageret er vurdert til kostpris.

Fordringar

Kundefordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av fordringane. Andre fordringar vert ført opp til lågaste av pålydande og verkeleg verdi.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurderte som omløpsmiddel) vurdert til lågast av kostpris og verkeleg verdi på balansedagen. Mottekte utbyte og andre utdelingar frå selskapa blir inntektsført som annan finansinntekt.

Pensjonar

Selskapet har både innskotsordning og ytingsbasert pensjonsordning for dei tilsette. Innskotsordninga blir handtert i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon (OTP). Ytingsbasert pensjonsordning blir regulert i samsvar med regelverket for offentlig pensjon. Innskotsordninga omfattar medarbeidarar som 01.01.2014 kom frå tidlegare Tussa Nett AS og nyttilsette etter 01.01.2014, medan ytingsbasert ordning gjeld for medarbeidarar/pensjonistar som tidlegare var tilsett i Tafjord Kraftnett AS, og pensjonistar frå tidlegare Tussa Nett AS.

For innskotsordninga ligg det føre ein innskotsplan og for ytingsbasert ordning ligg det føre ein ytingsplan. I 2021 har selskapet hatt innskotsplan på 6,0 % for løner mellom 0 og 7,1 G (G=grunnbeløpet i Folketrygda) og i tillegg 22,9 % for løner mellom 7,1 og 12 G. Oppsparte midlar kjem til utbetaling ved nådd pensjonsalder. Ytingsplan er ei pensjonsordning som definerer pensjonsutbetaling som tilsette vil motta ved pensjonering. Pensjonen blir normalt fastsett som ein del av den tilsette si sluttlønn. Tilsette som ikkje har full opptening vil få pensjonen sin høvesvis redusert.

Netto pensjonskostnader i året inngår i posten løns- og personalkostnad i resultatrekneskapen. Ved innføring av ny pensjonsreform frå 01.01.2020 vart eksisterande ytingsordning for fortsett sparing endra til å omfatte årskullet til og med fødd i 1963. For alle andre i ordninga vart det endring, og i Mørenett AS er årskullet fødd frå og med 1964 løfta over i selskapet si innskotsordning.

Nærare om ytingsbasert pensjonsordning

Netto forplikting er berekna med utgangspunkt i noverdien av dei framtidige pensjonsyttingane (utover folketrygda sine ytingar) som den tilsette har tent opp pr. 31.12., trekt frå verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforpliktingar på underfinansierte ordningar er balanseført som langsiktig rentefri gjeld, medan eventuelle netto pensjonsmidlar på overfinansierte ordningar er balanseført som langsiktig rentefri fordring dersom det er truleg at overfinansieringa kan nyttast.

Pensjonsforpliktingane er berekna med utgangspunkt i tilråding frå Norsk Rekneskapsstifting og fyller krava i IAS 19 mellom anna når det gjeld diskonteringsrente, avkastingsrente, venta lønsvekst og G-regulering.

Mørenett AS nyttar ikkje korridorløsning. Alle estimatavvik, både i høve til plikter og midlar, blir amortiserte umiddelbart og førte mot eigenkapitalen. Berekingane er baserte på lineær oppteningsmodell.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfatter kontanter, bankinnskott og andre kortsiktige, likvide plasseringar. Kontantar tilført ved fusjon med dotterselskap er presentert på eiga linje i kontantstraumoppstillinga. Kontantstraumar frå det fusjonerte dotterselskapet er innarbeidd fra anskaffingstidspunktet 2. juli 2021.

Koronapandemien

Koronapandemien hadde også i 2021 store konsekvensar for samfunnet. Mørenett AS har oppdaterte pandemi- og beredskapsplanar og gjennomførte ulike tiltak for å redusere selskapet sin risiko. Selskapet sine inntekter er i stor grad sikra gjennom monopolregulering. Ut over auka kostnader knytt til smittevern hadde koronapandemien avgrensa innverknad på selskapet sin aktivitet og lønsemd i 2021. Selskapet har så langt erfart liten innverknad på aktiviteten og lønsemda i 2022, og styresmaktene signaliserer at pandemien er over i ein fase der han ikkje lenger blir karakterisert som ein samfunnskritisk sjukdom.

Note 2. Salsinntekter pr. forretningsområde

Tal i 1 000 kr

	Kraftomsetn.	LDN*	RDN*	TN*	Anna	Eliminering	Sum
Sal energi	11 446	-	-	-	-	-627	10 819
Nettleige	-	467 426	301 407	320	-	(187 203)	581 950
Meir-/mindreinntekt i året	-	53 346	-25 695	7	-	1 482	29 140
Andre inntekter	-	193	-	-	26 921	902	28 016
Sum driftsinntekter	11 446	520 965	275 712	327	26 921	(185 446)	649 925
Energikjøp	10 810	-	-	-	-	-	10 810
Kjøp av nettap	-	40 272	28 658	-4	-	-	68 926
Overføringskostnader	-	196 630	125 205	-	-	(188 036)	133 799
Systemtenester	-	-	9	-	-	-	9
Løn/personalkostnader	-	48 739	19 593	88	17 958	-	86 378
Estimatavvik pensjon ført mot EK og skatt	-	(19 962)	(6 758)	(19)	(3 055)	29 794	-
Andre driftskostnader	9	85 030	21 048	89	7 121	3 709	117 006
Eigedomsskatt og tap	-	3 825	1 763	-	3	-	5 591
Avskrivningar	-	62 708	30 573	105	1 596	2 367	97 349
Sum driftskostnader	10 819	417 242	220 091	259	23 623	(152 166)	519 868
Driftsresultat	627	103 723	55 621	68	3 298	(33 280)	130 057
Driftsresultat ekskl estimatavvik	627	83 761	48 863	49	243	(3 486)	130 057

* LDN: Lokalt distribusjonsnett

* RDN: Regionalt distribusjonsnett

* TN: Transmisjonsnett

Note 3. Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

Tal i 1 000 kr

Lønskostnader	2021	2020
Løn	116 353	99 139
Aktiverte timar egne investeringar	(57 364)	(55 504)
Arbeidsgjevaravgift	16 922	15 301
Pensjonskostnader	11 787	9 067
Andre ytingar	3 792	2 387
Brenett lønskostnader 01.01.-30.06.2021	(5 110)	-
Sum	86 380	70 390

Selskapet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 136 årsverk.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 750	-
Pensjonsutgifter	175	-
Annan godtgjersle	13	354
Sum godtgjersle	1 938	354

Det er ikkje gitt lån eller stilt garantiar til administrerande direktør, styremedlemar eller andre nærstående partar. Styret har ingen avtalar om vederlag utover styrehonorar. Administrerande direktør har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjevar vedkomande pensjon ut over 12 G. Utover dette har korkje administrerande direktør eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphøyr eller endring av tilsetjingshøve eller verv.

Revisor	2021
Godtgjersle til revisor er fordelt på følgjande:	
Lovpålagt revisjon	286
Attestasjonstenester	177
Skatterådgjeving	15
Andre tenester	
- Tekniske tenester rekneskapsføring oppkjøp og fusjon Brenett AS	52
- Prosjektstøtte ISO-sertifisering og fasilitering integrasjonsprosjekt	220
- Andre tenester	5
Sum honorar til revisor	755

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisjonshonoraret.

Note 4. Finanspostar

Tal i 1 000 kr

Finansinntekter	2021	2020
Inntekt på investeringar i TS	490	-
Annan renteinntekt	(88)	1 355
Morarenter	58	114
Anna finansinntekt	675	561
Sum finansinntekter	1 135	2 031

Finanskostnader	2021	2020
Rentekostnader eksterne lån	20 603	24 318
Anna rentekostnad	375	461
Valutatap	34	94
Andre finanskostnader	(1 916)	(2 912)
Sum finanskostnader	19 095	21 962

Note 5. Skatt

Tal i 1 000 kr

	2021	2020
Betalbar skatt kjem fram slik		
Ordinært resultat før skattekostnad	112 097	130 012
Permanente skilnader	29 786	(10 686)
Endring mellombelse skilnader	(99 859)	(22 637)
Endring framførbart underskot	(18 900)	-
Grunnlag betalbar skatt på resultatet i året	23 123	96 689
Skatt 22 %	5 087	21 272
For mykje avsett betalbar skatt 2020	-	14
Betalbar skatt på resultatet i året	5 087	21 272

Skattekostnaden i året kjem fram slik:

Betalbar skatt på resultatet i året	5 087	21 272
Brutto endring utsett skatt	28 131	4 980
Korreksjon tidlegare år	(112)	-
Endring utsett skatt om EK-justering	(8 246)	2 396
Total skattekostnad i året	24 860	28 648

Betalbar skatt i balansen kjem fram slik:

Betalbar skatt på resultatet i året	5 087	21 272
Sum betalbar skatt	5 087	21 272

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt:

Skilnader som vert utlikna:		
Anleggsmiddel	124 572	11 168
Fordringar	(2 035)	(1 749)
Gevinst- og tapskonto	220	275
Andre mellombelse skilnader	(12 522)	(31 168)
Sum	110 234	(21 475)
Utsett skatt (+)/ utsett skattefordel (-)	24 252	(4 724)
Skilnader som ikkje vert utlikna:		
Goodwill	(25 345)	-
Pensjonsmiddel (+)/ Pensjonsplikter (-)	(4 433)	(25 936)
Sum	(29 777)	(25 936)
Utsett skattefordel	(6 551)	(5 706)

Endring i utsett skatt/skattefordel som følgje av endra skattesats

Utsett skatt (+)/utsett skattefordel (-)	17 701	(10 430)
---	---------------	-----------------

Samanheng mellom skattekostnad og skatt berekna av resultat før skatt:

22 % av resultat før skatt	24 661	28 603
Effekt av permanente skilnader	(2)	45
Avskrivningar goodwill Brenett AS 2021 ikkje skattemessig frådrag	307	-
Effektar av fusjonen Brenett AS 2021	6	-
Korreksjon av fjoråret	(112)	-
Skattekostnad i høve til resultatrekneskap	24 860	28 648

Effektiv skattesats	22,2 %	22,0 %
----------------------------	---------------	---------------

Note 6. Immaterielle egedelar

Tal i 1 000 kr

Avskrivningsplan er begrunna med at ein meiner goodwill har ei forventa levetid på 10 år. Oppdatering av vurdering knytt til allokering av meirverdiar for Brenett AS er under utarbeiding og er planlagt ferdigstilt innan 31.05.2022. For rekneskapsåret 2021 har ein som ei førebels løysing henført meirverdien til goodwill.

	Konsesjon	Goodwill	Lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.21	110 000	16 671	17 478	144 149
Fusjon Brenett AS	-	-	918	918
Korr. etter NVE- rapportering 2020	-	815	-	815
Tilgang kjøpte immaterielle egedelar	-	27 463	4 578	32 040
Avgang selde immaterielle egedelar	-	-	918	918
Kostpris 31.12.21	110 000	44 949	22 056	177 004
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	110 000	17 498	17 029	144 527
Balanseført verdi pr. 31.12.21	-	27 451	5 027	32 477
Avskrivningar i året	-	1 720	1 566	3 286

Mørenett nyttar lineære avskrivningar for alle immaterielle egedelar. Den økonomiske levetida for anleggsmidlane er berekna til:

*Konsesjon: 20 år

*Goodwill: 5 til 10 år

*Lisensar: 4 år

Note 7. Varige driftsmidlar

Tal i 1 000 kr

Varige driftsmidlar	Tomter	Transpm./inv. /utstyr	Måling I	Bygg	Måling II	Nettanlegg	Sum varige driftsmidlar
Kostpris pr. 01.01.21	5 720	208 235	84 487	150 948	163 113	3 371 009	3 983 510
Fusjon Brenett AS	-	12 216	27 133	-	-	188 074	227 421
Korr etter NVE rapportering 2020	-	-	-	-	-	1 892	1 892
Tilgang kjøpte driftsmidlar	465	9 070	-	1 715	2 244	189 792	203 286
Utrangering	-	3 367	-	-	-	19 138	22 505
Kostpris 31.12.21	6 185	226 154	111 620	152 663	165 357	3 731 629	4 393 604
Akkumulerte avskrivningar 31.12.21	-	175 208	42 201	55 883	43 381	1 528 177	1 844 850
Balanseført verdi pr. 31.12.21	6 185	50 946	69 419	96 780	121 976	2 203 452	2 548 757
Avskrivningar i året	-	9 650	6 263	5 589	10 980	61 581	94 063
Økonomisk levetid	-	Inntil 30 år	Inntil 35 år	Inntil 50 år	Inntil 35 år	Inntil 70 år	
Avskrivningsplan	-	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

I tillegg kjem anlegg under arbeid med 53 357

Det er i løpet av året ikkje gjort nedskrivning av anleggsmidlar, reversering av nedskrivning frå tidlegare år. Årleg leige i administrasjonsbygg til Tussa Energi AS var 0,6 mill. kr.

Note 8. Dotterselskap, tilknytte selskap m.m.

Tal i 1 000 kr

	Erverva	Kontor	Land	Eigardel	St.del
Elsikkerhet Møre AS	29.5.09	Ørskog	Norge	49 %	49 %

Tilknytt selskap	Forretnings- kontor	Eigar-/stemme- del	Eigenkap. siste år (100 %)	Resultat siste år (100 %)	Balanseført verdi
Elsikkerhet Møre AS	Ålesund	49 %	6 217	3 046	588
Balanseført verdi 31.12.					588

Note 9. Finansiell marknadsrisiko

Overordna mål og strategi

Selskapet har som mål å sikre gode resultat og stabilt utbytte til eigarane, og søker å balansere gode resultat med langsiktig verdiskaping.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Pensjonsmidlane vi har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom høvesvis BKK Pensjonskasse og DNB Liv.

Renterisiko påverkar Mørenett AS gjennom nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Styret sin politikk er å ikkje drive sikring, fordi renteendringar i stor grad vil utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Risiko for tap på fordringar er vurdert som låg fordi 90 % av kundane inngår i gjennomfaktureringsavtale med kraftleverandørane. For alle desse kundane mottek Mørenett AS oppgjør av nettleige frå kraftleverandøren. Høg kraftpris delar av året aukar risikoen for tap knytt til kundar på leveringsplikt, sjølv om selskapet har lite konstaterte tap så langt. Her vil ein enklare stengjeprosess etter at AMS-målarane vart installerte vere eit nyttig tiltak i innfordringa.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i eignelutar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Mørenett AS er sikra naudsynt likviditet gjennom to bankar, og har tilgjengelege trekkrettar som sikrar likviditet framover. Risikoen blir difor vurdert som låg.

Note 10. Aksjar og delar i andre føretak m.m.

Tal i 1 000 kr

	Eigardel	Kostpris	Balanseført verdi	Marknadsverdi
Valider AS	0,6 %	0,1	55	-
Nettaliansen AS	2,0 %	22	22	-
REN AS	2,6 %	1	11	-

Note 17. Eigenkapital

Tal i 1 000 kr	Aksjekapital	Overkurs	Innskott anna EK	Fond for vurd.	Anna EK	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	400 000	113 302	29 055	-	357 183	899 540
Kapitalauke	23 520	42 571	-	-	-	66 091
Estimatavvik pensjon	-	-	-	-	23 240	23 240
Resultat i året	-	-	-	-	87 237	87 237
Avsett utbyte	-	-	-	-	(43 500)	(43 500)
Eigenkapital pr. 31.12.	423 520	155 873	29 055	-	424 159	1 032 608

Note 18. Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar

Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar

Mørenett AS har både kollektiv innskotsordning i DNB og kollektiv ytingsordning via medlemskapet i BKK Pensjonskasse og i KLP. Spareplanen i innskotsordninga utgjer 6 % for løner mellom 0 og 7,1 G (G=grunnbeløpet i Folketrygden). For løner mellom 7,1 og 12 G er sparinga 22,9 %. Det er Gabler AS som administrerer ytingsordninga i BKK Pensjonskasse der tidlegare tilsette i Tafjord Kraftnett AS inngår, og den blir rekneskapsført i samsvar med IAS 19. I tillegg har Mørenett AS pensjonistar i ytingsbasert pensjonsordning frå tidlegare Tussa Nett AS. Årlege aktuarberekningar blir utarbeidd av aktuar i Gabler AS.

Ytingsplan i sikra ordning

Ytingsplan omfattar alders-, uføre-, etterlatte- og barnepensjon. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder. Alderspensionen utgjer ved full opptening 66 % av pensjonsgrunnlaget for løner opp til 12 G. Alle fødd i 1943 eller seinare vil få pensjonen sin levealdersjustert, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66 % av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen er ei bruttoordning og blir regulert i samsvar med regelverket for offentlig pensjon. Ordninga blir finansiert ved at medlemmane betalar 2 % av pensjonsgrunnlaget. Anna pensjonspremie blir dekt av arbeidsgjevar.

Ytingsplan i usikra ordningar

Dei usikra ordningane består av AFP og ei driftspensjonsordning for tidlegare dagleg leiar si løn mellom 12 G og 14 G. Desse er vist samla under usikra ordningar.

AFP-ordning

AFP-ordninga er ei ordning som gir eit livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velje å ta ut AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, også ved sidan av å stå i jobb, og ordninga gir vidare opptening ved arbeid fram til 67 år. Ordninga er ei ytingsbasert fleirforetakspensjonsordning, og blir finansiert gjennom ein premie som blir fastsett som ein prosent av løna. Rekneskapsmessig blir ordninga handsama som ei innskotsbasert pensjonsordning der premiebetalingar blir kosnadsførte løpande. Ingen avsetningar blir gjort i rekneskapen. I 2021 utgjorde premien 2,5 % av løn mellom 1 G og 7,1 G. Ordninga omfattar dei som i dag har innskotsordning. Tilskott til AFP-ordninga inngår i lønskostnadene og utgjorde i 2021 1,1 mill.kr.

Estimatavvik

Mørenett AS nyttar ikkje korridorløysing for estimatavvik. Alle estimatavvik, både i forhold til forpliktingar og midlar, blir amortisert i notid og ført mot eigenkapitalen.

Planendringar

Planendringar blir resultatførte. Den økonomiske effekta av levealdersjustering i alderspensjonen frå folketrygda og tenestepensjonsordninga for alle årskull, i tillegg til individuell garanti er innarbeidd i tidlegare år. Individuell garanti er ein garanti som delvis skjermar dei som er fødd i 1958 eller tidlegare frå effekta av levealdersjusteringa. Den nye uføreordninga som er innført frå 01.01.2015 er forventa å redusere arbeidsgjevar sine framtidige forpliktingar, men samstundes auke folketrygda sin del av den årlege kostnaden.

Note 18. Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar (framhald)

Ny pensjonsreform

01.01.2020 kom det ny pensjonsreform, og tilsette i ytingsordninga fødd i 1963 eller seinare vil tene opp pensjonen sin etter nye reglar. Den nye ordninga er langt på veg bygd etter den eksisterande modellen for innskotsordning, og etter dialog med tillitsvalde løfta Mørenett AS den aktuelle gruppa over til selskapet si eksisterande innskotsordning. Etter endringa har selskapet sine årskull fødd til og med 1962 i ytingsordning, medan alle andre tilsette er i innskotsordning.

Økonomiske føresetnader

Mørenett AS har vurdert at marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) stettar krava i IAS 19.83 til føretaksobligasjonar.

Demografiske føresetnader

Selskapet har i pensjonsberekningane som grunnlag for dødelegheit fylgt GAP07 til Finanstilsynet K2013 tabell tilrådd av Norsk Rekneskapsstifting.

Kurva reallønsvekst

Forventa lønsvekst lagt til grunn i Mørenett AS sine pensjonsberekningar for aktive medlemmer byggjer på Gabler sin regresjonsmodell. Modellen nyttar alder som forklaringsvariabel for reallønsutvikling til arbeidstakarar. Samanhengen mellom alder og reallønsutvikling kan vi forklare mellom anna med at unge gjer fleire lønshopp enn eldre arbeidstakarar. Basert på historiske bestandsdata i pensjonskassen er det utleia ei tilpassa lønskurve som viser at den gjennomsnittlege reallønsveksten for tilsette i Mørenett AS fell med alder. Denne kurva blir lagt til grunn for aktuarielle berekningar. Berekningar viser at kurva lønsvekst gir lågare pensjonsforpliktingar enn lineær lønskurve.

Risikovurdering av ytingsbaserte ordningar

Gjennom ytingsbaserte ordningar er selskapet påverka av fleire risikoar som følgje av usikkerheit i føresetnader og framtidig utvikling. Dei mest sentrale risikoane er følgjande:

Forventa levetid

Selskapet er forplikta å betale ut pensjon for dei tilsette livet ut. Auke i forventa levealder blant medlemmane aukar pliktene for selskapet.

Avkastingsrisiko

Selskapet blir påverka ved endring i faktisk avkastning på pensjonsmidlane, som vil føre til endring i netto plikter.

Inflasjons- og lønsvekstrisiko

Selskapet sine pensjonsplikter har risiko knytt til både inflasjon og lønsutvikling, sjølv om lønsutviklinga er nært knytt til inflasjonen. Høgare inflasjon og lønsutvikling enn lagt til grunn i pensjonsberekningane, fører til auka plikter for selskapet.

Renterisiko

Ved neddiskontering av pensjonsutbetalingar blir marknadsrenter lagt til grunn. Generelt lågt eller fallende rentenivå aukar brutto pensjonsplikter for selskapet, medan aukande rentenivå reduserer pliktene.

DNB LIV

Den delen av ytingsbasert ordning som er i DNB LIV gjeld utbetaling av pensjonar til pensjonistar i tidlegare Tussa Nett AS. Føresetnadene som blir lagt til grunn her er tilrådingar frå Norsk Rekneskapsstifting.

KLP

Mørenett AS og Brenett AS fusjonerte frå 1. november 2021. Tilsette i Brenett AS har ytingsbasert pensjonsordning i KLP. Føresetnadene som er lagt til grunn her er dei same som i BKK Pensjonskasse. 1. januar 2022 blir denne avslutta og medlemene overført til eksisterande ordningar i Mørenett AS.

I taldelen av pensjonsnota på neste side er det ei oversikt over tal aktive medlemmer og pensjonistar for høvesvis sikra og usikra ordningar.

Note 18. Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar (framhald)

Dei aktuariemessige berekningane byggjer på følgjande føresetnader:

	BKK P 2021	DNB 2021	KLP 2021
1. Diskonteringsrente	2,20 %	1,90 %	2,20 %
2. Forventa avkastning	2,20 %	1,90 %	2,20 %
3. Forventa lønsvekst	2,75 %	2,80 %	2,75 %
4. Forventa G-regulering	2,50 %	2,50 %	2,50 %
5. Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,75 %	2,50 %	1,73 %
6. Uttakstendens AFP	25 %	-	-
7. Uttakstendens direktørpensjon v/62 år	25 %	-	-
8. Demografiske føresetnader	K2013/K63	K2013BE/IR02	K2013BE/IR02

Tal i 1 000 kr

Dato for rekneskapsavslutning	Mørenett AS total		Mørenett AS sikra		Mørenett AS usikra	
	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2020
A. Pensjonskostnad i perioden						
Pensjonsopptening i året (Service Cost)	3 942	2 586	3 775	2 404	167	182
Arbeidsgjevaravgift av oppteninga i året	492	365	468	339	24	26
Rentekostnad på pensjonsplikta	3 900	5 448	3 744	5 159	156	289
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	(3 415)	(5 085)	(3 415)	(5 085)	-	-
Resultatført netto forplikting ved oppgjjer	-	-	-	-	-	-
Planendring	-	-	-	-	-	-
Avkorting	-	-	-	-	-	-
Oppgjjer	-	-	-	-	-	-
Resultatført pensjonskostnad yttingsordning	4 919	3 314	4 573	2 817	346	497

B. Balanseført pensjonsplikt

DBO ved slutten av perioden	328 103	281 727	318 303	283 198	9 800	10 441
Midlar ved slutten av perioden	323 670	264 534	323 670	267 703	-	-
Balanseført pensjonsplikt inkl arb.g.avgift	4 433	17 193	(5 367)	15 495	9 800	10 441

C. Avstemming pensjonsplikt

Pensjonsplikt i inngående balanse	34 571	29 437	24 131	7 630	10 441	12 634
Resultatført pensjonskostnad	4 920	(10 885)	4 573	2 817	347	497
Aktuarielt tap (vinst) ført mot eigenkapital	(29 794)	9 627	(28 942)	13 448	(853)	(2 557)
Innbetalningar inkl. arb.g.avg.	(5 146)	(7 798)	(5 130)	(8 400)	(17)	(17)
Utbet. pensjon over drift ekskl. arb.g.avgift	(117)	(116)	-	-	(117)	(117)
Balanseført pensjonsplikt ved slutten av perioden	4 434	20 264	(5 367)	15 495	9 800	10 441

D. Medlemsstatistikk

Tal aktive medlemmer i yttingsordning	57	23	20	23
Tal pensjonistar	150	142	1	1

Innskotsordning:

Resultatført kostnad er 6,7 mill. kr i 2021. Ordninga omfattar 137 medlemmer.

Note 19. Transaksjonar med nærstående partar

Tal i 1 000 kr

Nærstående part	Tilknytning	Eigardel
Elsikkerhet Møre AS	Tilknytt selskap	49 %
Tussa Kraft AS	Aksjeigar	49 %
Tussa Energi AS	Dotter av aksjeeigar	-
Sunnmøre Energi AS	Dotter av aksjeeigar	-
Tussa IKT AS	Dotter av aksjeeigar	-
Tussa Installasjon AS	Dotter av aksjeeigar	-
Tafjord Kraft AS	Aksjeigar	51 %
Tafjord Kraftproduksjon AS	Datter av aksjeeigar	-
Tafjord Kraftvarme AS	Datter av aksjeeigar	-
Tafjord Fibernett AS	Datter av aksjeeigar	-
Rune Kiperberg	Administrerende direktør	-
Erik Espeset	Styreleiar	-

Transaksjonar med nærstående partar

Selskapet har gjennomført fleire ulike transaksjonar med nærstående partar. Alle transaksjonane er gjennomført som ein del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar. Dei mest vesentlege transaksjonane som er gjennomført er følgjande:

	2021	2020
a) Kjøp av varer og tenester frå aksjeeigar/dotter av aksjeeigar	25 154	26 345
b) Kjøp av varer og tenester frå tilknytt selskap	9 474	7 576
c) Sal av varer og tenester til aksjeeigar/dotter av aksjeeigar	92 464	54 168

Balansen inkluderer følgjande beløp som følgje av transaksjonar med nærstående partar:

	2021	2020
Kundefordringar	14 871	13 052
Leverandørgjeld	2 289	2 216
Sum	12 582	10 836

Note 20. Pant og garantiar

I avtalane med lånegjevarane våre er negativ pant gjeldande.

Note 21. Ekstern gjeld

Tal i 1 000 kr

	Beløp	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Trekkfasilitet 2021-2023	850 000	810 000	3.mndr NIBOR + margin	24 mnd	21.12.2023
Trekkfasilitet 2021-2026	400 000	-	3.mndr NIBOR + margin	60 mnd	21.12.2026
Bullet lån 2019-2023	400 000	400 000	3.mndr NIBOR + margin	48 mnd	05.12.2023
Bullet lån 2019-2024	450 000	450 000	3.mndr NIBOR + margin	60 mnd	05.12.2024

Selskapet har TNOK 50 000 i tilgjengelege trekkrettar pr. 31.12.2021. I låneavtalane har Mørenett AS pålegg i forhold til nivå på eigenkapitalprosenten og rentedekningsgrad. Kravet for eigenkapitalen er 25 % og kravet for rentedekningsgraden er 1,2. Berekingar syner at begge krava er oppfylte.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

TAL I 1 000 KR

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING, INDIREKTE MODELL	2021	2020
Kontantstrøm frå operasjonell aktivitet		
Resultat før skattekostnad	112 097	130 012
Betalt skatt i perioden	(21 174)	(10 166)
Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	126	1 824
Vinst sal av aksjar	-	(561)
Avskrivningar	97 349	96 245
Endring i varelager	(4 276)	(1 482)
Endring i kundefordringar	(18 304)	18 680
Endring i leverandørgjeld	(1 542)	(50 408)
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordningar	8 291	(5 121)
Endring i andre tidsavgrensingsposter	(34 905)	17 166
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	137 663	196 188
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	-	5 923
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidler	(207 628)	(219 174)
Innbetalningar ved sal av aksjar og delar i andre føretak	-	2 058
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og delar i andre føretak	(9 638)	-
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	(217 267)	(211 193)
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	187 176	60 000
Utbetaling av utbyte	(50 600)	(41 500)
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	136 576	18 500
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	56 972	3 495
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved starten av året	83 876	80 381
Behaldning Brenett AS pr. 30.06.2021	334	-
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av året	141 182	83 876



“Berekraftig utvikling er viktig, og Mørenett AS har mål for eige fotavtrykk.”

REVISJONSMELDING



Til generalforsamlinga i Mørenett AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert Mørenett AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultat og kontantstrømane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

REVISJONSMELDING

Melding frå uavhengig revisor - Mørenett AS



- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 11. mars 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Terje Honningsvåg
Terje Honningsvåg
Statsautorisert revisor

(2)



STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Rammevilkåra for nettverksemda er under endring. Strukturen i dag er prega av mange små og mellomstore nettselskap med stor ulikskap innan eigarskap, organisasjonsmodell og potensiale for effektiv drift.

Samstundes står vi midt oppe i ei omfattande elektrifisering av samfunnet der kraftnettet vil vere nøkkelen for å kunne leggje til rette for eit grønt skifte. Dette vil medføre omfattande investeringar i kraftnettet i åra framover, der nettkunden og samfunnet sine forventingar skal løysast. For å møte denne framtida aukar kravet til kompetanse, effektiv drift og økonomisk løfteevne.

Strukturen vi har i dag med eit stort lappeteppje av nettselskap gir mange grenseflater. Berre innanfor Møre og Romsdal har vi 10 nettselskap. Skal vi sikre samfunnsøkonomisk rette tiltak må vi sikre at utbygging og vedlikehald av kraftnettet vert sett i ein større samanheng, også geografisk. Kompetansebehovet i næringa vår vil også auke betydeleg i åra framover, ikkje minst grunna digitalisering av kraftnettet. Skal alle nettselskap byggje opp naudsynt kompetanse for å møte ei krevjande framtid kan dette verte dyrekjøpt.

Bransjestrukturen vil difor etter vår vurdering måtte gå i retning av større einingar for å leggje til rette for auka soliditet og stordriftsfordelar.

Det strategiske hovudfokuset vårt i komande strategiperiode er difor strukturutvikling og vidare effektivisering gjennom synergjar. Parallelt med at vi vert større, fokuserer vi på god selskapsstyring forankra i risikostyring som viktig parameter for å dimensjonere aktiviteten vår.

Av hovudaktivitetar i strategiperioden vil vi særleg løfte fram:

- Sikre god overtaking av 132 kV nettet vi overtek frå Statnett 1. januar 2023. Dette medfører at Mørenett AS vert regionalnettsleverandør til alle nettselskapa i Møre og Romsdal, noko som gir selskapet store moglegheiter, men også auka risiko.
- Gjennomføre effektiv implementering av kraftnettet til tidlegare Brenett AS i Stryn kommune.
- Slutføre fusjonsutgreiingane med Linja AS og gjennomføre ei vellukka samanslåing av dei to selskapa. Det nye selskapet vil verte Noreg sitt fjerde største nettselskap.
- Gjennomføre god dialog der Mørenett AS inviterer andre nettselskap i regionen inn i selskapet. Det vert særleg lagt vekt på selskapa i Romsdal og på Nordmøre.
- Kompetanseutvikling og felles kulturbygging i eit Mørenett AS i vekst.
- Sikre vidare god selskapsstyring tufta på risikostyring og godt beskrivne prosessar.



HMS

Det er trygt å arbeide i Mørenett AS. Selskapet har eit aktivt HMS-arbeid, der leiarar, tillitsvalde, verneteneste og tilsette samarbeider tett. Mørenett AS er underlagt ei rekkje HMS-lover og forskrifter. Desse krava følgjer selskapet opp gjennom systematisk HMS-arbeid.

Gjennom 2021 har Mørenett AS valt seg ut tre område som det er arbeid spesielt med. Det er gjennomført førebyggjande kampanjar innanfor fysisk helse, trygg bilkøyring og arbeidsmiljø.

Skadar med fråvær

Mørenett AS har nullvisjon for skadar med fråvær. I 2021 hadde selskapet to skadar med fråvær, som førte til 138 fråværsdagar. Ingen av skadane var knytt til elektrisk straum. I 2021 rapporterte medarbeidarane inn 87 hendingar, skadar og forbetningsforslag.

Sjukefråvær

For 2021 hadde Mørenett AS eit akkumulert sjukefråvær på 5,1 prosent (4,2). Av dette var 1,8 prosent korttidsfråvær (1,7). Mørenett AS arbeider systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråværet.

Covid-19

Smitteverngruppa i Mørenett AS har hatt høg aktivitet gjennom året. Som drivar av samfunnskritisk infrastruktur har det vore av stor betydning for selskapet å ha oppdaterte smittevernplanar og god informasjon til medarbeidarane.

NØKKELTAL FOR HMS	2021	2020	2019	2018	2017
F-verdi*	597	46,8	160,5	0	176,8
H1-verdi*	8,6	8,5	17,4	0	14,7
H2-verdi*	8,6	12,7	21,7	16,92	40,5
Registrerte skadar med og utan fråvær	2	3	5	4	11
Fråvær som følgje av skade	138	11	37	0	48
Årsverk	157	136	136	138	135
Lærlingar	8	6	8	8	12
Gjennomsnittsalder tilsette	47,2	48,5	49	49,3	48
Personalomsetning*	4,8	8,2	5,7	9	14

* H1-verdi: ulykkesfrekvens = tal skadar med fråvær/arbeidde timar totalt x 1 000 000

* H2-verdi: skadar med fråvær + skadar utan fråvær, men med medisinsk behandling/arbeidde timar totalt x 1 000 000

* F-verdi: Fråværsfrekvens = tal fråværsdagar pga. skade/arbeidde timar totalt x 1 000 000

* Personalomsetning: tal arbeidstakarar som har sagt opp/ tal arbeidstakarar x 100 %



LIKESTILLING

Mørenett AS skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Dei etiske retningslinjene til selskapet støttar opp om dette arbeidet, og gir retning for korleis medarbeidarane skal opptre overfor kvarandre, med kundar, leverandørar og samfunnet rundt oss.

Ingen skal, uansett tidspunkt, oppføre seg på ein måte som kan verke krenkande på andre, eller som er eigna til å bringe Mørenett AS i miskreditt. Dei etiske reglane er ikkje ei komplett oversikt over ansvarleg åtferd. Den enkelte må vere bevisst på å alltid opptre i samsvar med samfunnet sine normar og reglar når etiske problemstillingar oppstår.

Lønskartlegging

For å sikre at Mørenett AS fremjar likestilling og hindrar diskriminering, skal selskapet dokumentere arbeidet som er gjort. Lønskartlegging er ein del av dette. Løns-


politikken til selskapet sikrar at løn er fastsett på same måte for menn og kvinner, og med utgangspunkt i like reglar og kriteria. Lønskartlegginga er basert på kvantitative data om løn. Alle medarbeidarar med unntak av åtte lærlingar er omfatta, og kartlegginga er basert på selskapet sine stillingsgrupper. Stillingsgruppene er ein del av Mørenett AS sitt lønssystem.

Oversikt pr. stillingsgrupper

Mørenett AS har seks hovudgrupper for stillingar. Stillingar i gruppe 7.0 har ikkje krav til formalkompetanse, medan stillingar i gruppe 2.0 har høge krav til både formal- og erfaringskompetanse.

Nøkkeltal for likestilling	Kvinner	Menn	Totalt
Tilsette	24	136	160
Lærlingar	0	8	8
Styret	1	5	6
Leiargruppe	2	8	10
Deltidstilsette	4	5	9
Mellombels tilsette	1	1	2
Gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon	37	11*	


*1 tillegg har fire menn hatt to veker permisjon med løn i samband med fødsel



Stillingsgruppe	Tal medarbeidarar	Del kvinner	Del menn	Gjennomsnittsløn	Spreiing	Tal under snitt	Tal kvinner under snitt	Prosent kvinner under snitt	Tal menn under snitt	Prosent menn under snitt
7.0	6	1	5	522 042	52 689	2	0	-	2	40
6.0	40	8	32	550 007	107 000	20	5	63	15	47
5.0	17	1	16	588 869	101 425	13	1	100	12	75
4.1	29	4	25	653 898	139 154	11	1	25	10	40
4.0	28	5	23	692 963	175 425	16	2	40	14	61
3.1	7	1	6	815 029	228 277	5	1	100	4	67
3.0	15	2	13	883 363	280 471	6	0	-	6	46
2.1	6	2	4	1 092 626	199 369	4	1	50	3	75
2.0	4	-	4	1 183 296	208 740	3	-	-	3	75
Sum	152	24	128				11	46	69	54
	100 %	16 %	84 %							

Tabellen viser kor mange medarbeidarar som er i dei ulike stillingsgruppene totalt og fordelt på kjønn, og gjennomsnittsløna i dei ulike stillingsgruppene. Vidare viser tabellen kor mange medarbeidarar som er over og under gjennomsnittsløna fordelt på kjønn. Kolonna spreiring viser differansen mellom maksimums- og minimumsløn i stillingsgruppe.

Lønssnitt i kvar stillingsgruppe



Oppfølging etter lønskartlegging

Kartlegginga skal gi grunnlag for å vurdere risiko, og setje i verk tiltak for å sikre lønsmessig likehandsaming av kvinner og menn. Eventuelle funn i kartlegginga skal følgjast opp i 2022. Dette skal skje gjennom eit utval, samansett av HR, tillitsvalde og leiarar.

Utvalet skal ut over funn frå lønskartlegginga, også undersøke om det finns risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling og mangfald i selskapet. Resultatet frå arbeidsmiljøkartlegginga som gjeld mobbing og trakassering, vil vere eitt av arbeidsgrunnlagene.



“Lønspolitikken sikrar at løn er fastsett på same måte for menn og kvinner, og med utgangspunkt i like reglar og kriteria.”



DIVISJONEN FOR NETTFORVALTAR

Divisjon nettforvaltar organiserer seksjonen for nettutvikling og seksjonen for prosjekt. 40 medarbeidarar jobbar i divisjonen.

Utvikling i 2021

Samla nettinvesteringar i 2021 var 194,1 mill. kr. Av dette var 44,5 mill. kr i regionalt distribusjonsnett og 149,6 mill. kr i lokalt distribusjonsnett. Det vart i tillegg henta inn 45,1 mill. kr gjennom krav om anleggsbidrag.

I det regionale distribusjonsnettet vart restarbeidet i Alvestad og Stranda transformatorstasjonar utført. Det er også gjennomført temperaturoppgradering av 132 kV-luftlinja på strekninga frå Haugen til Ryste og Håheim, der overføringsevna er auka med 30 prosent. På 132 kV-luftlinja Giskemo- Alvestad og Giskemo- Kjelbotn har stolpepunktta blitt bytt ut. Tiltaka forlengjer restlevetida og reduserer risikoen for feil. Giskemo transformatorstasjonen er eit av dei mest kritiske punkta i Mørenett AS sitt forsyningsområde. I 2021 starta arbeidet med å fornye og utvide stasjonen. Prosjektet skal gå over 5 til 6 år og har ei samla investeringsramme på om lag 200 mill. kr. I tillegg til arbeid med dei større anlegga har det vore arbeid med mindre oppgraderingsprosjekt i transformatorstasjonane, til dømes dublering av batterianlegg og skalsikring etter krav frå styresmaktene.

Mørenett AS har gjennom 2021 delteke i fleire samarbeid om beredskap. Ordningane er organisert av REN, og dei fleste større nettselskap i Noreg er med. Så langt deltek Mørenett AS i beredskapsordning for 132/66 kV koblingsanlegg (GIS), krafttransformator (132/66/22), 132/66 kV jordkabel og for sjøkabelberedskap. Ordninga har allereie vore til nytte, og resulterte i redusert rettetid ved feil på ein sjøkabel.

I distribusjonsnettet vart det gjennomført fleire investeringar knytt til elektrifisering. På ferjesambanda Volda - Folkestad og Festøy - Solevåg er det førebudd til

elektrisk ferje. Nettet mot ytre del av Ålesund har blitt forsterka slik at verksemdar i området har fått elektrifisert produksjonsprosessane sine. I Ålesund sentrum arbeider Mørenett AS med å førebulevering av landstraum til cruiseskip. Fleire av oppdrettsanlegga i forsyningsområdet har i løpet av 2021 gått over til elektrisk drift, og har difor betydeleg redusert forbruket sitt av diesel. Mørenett AS har også vore engasjert i å etablere lade-stasjonar til bilar, lastebilar og bussar.

Mørenett AS har gjennom året gjennomført omfattande reinvesteringar i eksisterande anlegg. Ein sjøkabel frå Sæbø til Leknes erstattar det gamle fjordspennet over Hjørundfjorden. To av dei eldste luftlinjene i distribusjonsområdet er erstatta med nye. Den eine linja er i området Steinsvik- Rangseter (langs Dalsfjorden) og den andre i området Krokvik- Nystøylen (Hakallestranda). I Stryn har Mørenett AS arbeid med å leggje om nettet i samband med bygginga av den nye tunellen til Flo.

Mørenett AS har mange prosjekt under utvikling og planlegging. Selskapet har fått konsesjon på bygging av Djupvik - Sandvikskaret. Når dette anlegget er ferdig gir det tosidig innmating til Elsebø transformatorstasjon. Det er venta at selskapet skal få konsesjon for bygging av ny transformatorstasjon i Ørsta, som skal erstatte stasjonen i Bondalen og på sikt stasjonen i Haugen. Det vart gjennom året arbeid med forsyning av eit mogleg landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika i Fjord kommune. Det er bestilt byggestraum til prosjektet, som etter planen skal vere klar hausten 2022. Val av løysing i Raudbergvika er avgjerande for korleis lokalforsyninga av Eidsdal/Linge og Geiranger kan forsterkast, for å møte auka forbruk i området.

NØKKELTAL LOKALT DISTRIBUTJONSNETT	2021	2020	2019	2018	2017
Høgspenlinjer (km)	1037	838	860	866	870
Høgspen jordkabel (km)	1030	936	920	915	897
Høgspen sjøkabel (km)	100	93	81	77	76
Nettstasjonar (stk.)	3 003	2 618	2 616	2 604	2 598
Fordelingstransformatorar (stk.)	3 235	2 844	2 841	2 813	2 807
Fordelingstransformatorar (MVA)	1 219	1 106	1 079	1 057	1 039
Lågspenlinjer (km)	1 308	1 518	1 542	1 449	1 421
Lågspenkablar (km)	3 112	2 826	2 759	2 735	2 692
Aktive målepunkt	72 550	66 941	66 100	65 500	65 031
Småkraftverk (stk.)	66	54	53	51	50

NØKKELTAL REGIONALT DISTRIBUTJONSNETT OG TRANSMISJONSNETT

	2021	2020	2019	2018	2017
132 kV luftlinjer (km)	403	403	403	386	386
132 kV sjøkabel (km)	19	19	19	19	19
132 kV jordkabel (km)	26	26	26	30	30
22 - 66 kV luftlinjer (km)	177	178	179	194	194
22 - 66 kV sjøkabel (km)	27	27	26	26	26
22 - 66 kV jordkabel (km)	41	42	43	40	40
Transformatorstasjoner (stk.)	25	25	25	26	27
Installert transformatoryting (MVA)	1 294	1 294	1 249	1 336	1 321

Strategi og framtidutsikter

I 2020 signerte Mørenett AS ei avtale med Statnett om å få kjøpe 400 km 132 kV stål-mast-linjer og stasjonsanlegg i ti transformatorstasjoner. Hausten 2021 gjorde NVE vedtak om å omklassifisere nettanlegga, med forslag om verknad frå 1. januar 2023. Vedtaket er påklaga til Olje og energidepartementet, og det er venta eit endeleg vedtak i løpet av første halvår 2022.

Mørenett AS var engasjert i to omfattande nettanalysar i Møre og Romsdal i 2021. «Næring og nett Nordmøre og Romsdal» er leia av Statnett, med bidrag frå Mellom AS, Elinett AS og Mørenett AS. «Sunnmøranalyse» er leia av Mørenett AS med bidrag frå Statnett og Elinett AS. Felles for begge analysane er at elektrifisering utløyer behov for store investeringar både i transmisjonsnettet og det regionale distribusjonsnettet. Det er behov for tett samarbeid mellom nettselskapa for å sikre at dei mest samfunnsøkonomiske prosjekta vert valt. I dag er det ti områdekonsesjonærar i Møre og Romsdal. Ein så fragmentert struktur aukar risikoen for at bedriftsøkonomiske omsyn vert sett framfor nytten eit anlegg har for storsamfunnet.

I tråd med Mørenett AS sin strategiplan vert vedlikehald i regionalt distribusjonsnett og i transformatorstasjonar så langt mogleg utført av medarbeidarar som er tilsette i selskapet. For distribusjonsnettet har Mørenett AS kapasitet og kompetanse til å handtere feil, beredskap og det meste av planlagt vedlikehald. Større vedlikehaldsoppdrag og det meste av reinvestering og nyanlegg vert

utført av eksterne ressursar. Store prosjekt vert lyst ut som sjølvstendige entreprisar, medan mindre oppdrag vert avroppt mot rammeavtalar.



“Elektrifisering utløyer behov for store investeringar. Det er behov for tett samarbeid mellom nettselskapa for å sikre at dei mest samfunnsøkonomiske prosjekta vert valt.”



MONTASJEDIVISJONEN

Montasjedivisjonen har ansvar for utførende montasjeoppgåver, lager og logistikk. Ved utgangen av 2021 hadde divisjonen 67 medarbeidarar, 9 av desse var lærlingar.

Utvikling i 2021

Å forbetre og å byggje felles kultur er noko Mørenett AS jobbar med kontinuerleg, og arbeidet blir følgt opp med målingar og tiltak. Selskapet har kome langt i bruk av digitale løysingar for ordreflyt, ressursstyring, informasjonsdeling og rapportering, og dette gir tydelege effektiviseringsgevinstar. Målingar av produktivitet til montørressursane viser svært gode resultat.

I 2021 vart det innført eit nytt digitalt verktøy som gir oversikt over den geografiske posisjonen og tilgjengelegheita til montørressursane. Dette er eit godt verktøy både for å styre arbeidet i det daglege, og for driftsentralen i samband med handtering av feil i nettet. Verktøyet kan også auke tryggleiken for montørane som er ute i felten.

Året har vore tydeleg prega av koronapandemien. Medarbeidarane har arbeidd under tydelege smitteverntiltak, i tråd med styresmaktene og selskapet sine føringar og tilrådingar. Fleire av smitteverntiltaka har gitt ekstra arbeid og redusert effektivitet. Likevel har produksjonen vore på tilnærma normalt nivå. Dette kjem i stor grad av sterk og kreativ innsats frå medarbeidarane.

Montasjeseksjonen fekk åtte nye medarbeidarar då Brenett AS vart fusjonert inn i Mørenett AS 1. november 2021. Samhandlinga og ressursutvekslinga mellom miljøa har fungert godt, og vore til nytte både i det daglege arbeidet og i beredskapssituasjonar.

Montasjedivisjonen utførte 4 000 enkeltstående arbeidsoppdrag i 2021, og montørane leverte 76 200 arbeidstimar knytt til vedlikehald, inspeksjon, feilretting og utbygging av kraftnettet og energimåling.

Strategi og framtidsutsikter

Mørenett AS vil halde fram med digitalisering og å søkje effektiviseringsgevinstar.

Montasjedivisjonen er intern tenesteleverandør i selskapet, og over tid får interne ressursar auka drift- og forvaltningspreg. Standardiserte nyanleggsoppdrag blir i stor grad sett ut til eksterne leverandørar. Interne ressursar vil også framover vere grunnstammen i Mørenett AS sin beredskap.





NETTKUNDEDIVISJONEN

Nettkundedivisjonen organiserer fagområda måling, avrekning, fakturering og innfordring, kundesørvis, ressursstyring, inntak og det lokale eltilsyn (DLE). 24 medarbeidarar jobbar i divisjonen.

Målet til nettkundedivisjonen er å styrke kundefokuset i Mørenett AS. Bakteppet er den pågåande elektrifiseringa av samfunnet, og målet om at Mørenett AS skal vere eit kundeorientert selskap. Selskapet skal kommunisere med kundane på ein enkel, rasjonell og definert måte.

Utvikling i 2021

I løpet av året har divisjonen hatt ei rekkje prosjekt med mål om å forbetre kundesørvisen, betre svartida og gi meir standardiserte svar til kundane. Mellom anna er kundedialogen no samla i eitt og same system, og etablering av "Di side" gjer at kundane kan utføre ei rekkje aktivitetar sjølve. Døme på sjølvbetening i "Di side" er å opne og stenge HAN-porten, prosessen med stadfesting av fritak for forbruksavgift, og at kundane kan flytte eltilsyn til meir passande tidspunkt.

Etter at Mørenett AS inngjekk avtale med Statnett om kjøp av det regionale distribusjonsnett nordover i fylket, har det blitt arbeid med tariffar for det regionale distribusjonsnett. I 2021 kom også føreskrifta om ny nettleige i distribusjonsnett, med krav om at kundane si nettleige skal samsvare med kor mykje dei belastar nettet. I arbeidet med å utarbeide tariffar som stettar dei nye krava, har Mørenett AS hatt god nytte av å samarbeide med andre nettselskap. I desember vart det bestemt at den nye nettleigemodellen vert utsett til 1. juli 2022.

Gjennom året har divisjonen konvertert data frå Brenett AS sitt kundesystem inn i Mørenett AS sitt kundesystem. Prosjektet var særskilt vellukka, og alle kundane i Mørenett AS vert no handsama likt.

I 2021 vart det utbetalt erstatning til 360 kundar på til saman 276 335 kr etter reglane om erstatning for langvarige straumbrot.

Etter at Mørenett AS avslutta hovudprosjektet med å montere nye automatiske strømmålarar (AMS) i desember 2018, stod det att å montere 5 000 målarar (8,2 prosent). Det har blitt arbeid med å ferdigstille desse i åra frå 2019 til 2021. Ved årsskiftet var det att 190 strømmålarar (0,26 prosent), der om lag 143 er hos kundar som det ikkje har lukkast å kome i kontakt med, eller som ikkje vil ha ny AMS-målar. Dei siste 47 anlegga har større tekniske avvik som krev spesiell innsats for å ferdigstille, men som skal løysast innan fristen 1. juli 2023.

Innføringa av AMS gjer det mogleg å digitalisere sentrale arbeidsprosessar. Eit døme på ein slik prosess er jord-

feilhandsaming. AMS gjer det mogleg å vere proaktiv og ta tak i problemet på eit tidlegare stadium enn før, basert på verdiar frå AMS-målarane.

Eltilsynet i Mørenett AS har tre medarbeidarar. Eltryggleik er forankra i produktkontrollova, og er dermed eit rammevilkår for å få konsesjon som nettselskap. Operativt tilsyn vert kjøpt inn frå sakkunnige selskap. I eigen regi gjennomfører Mørenett AS revisjon med installatørar, byggeplasstilsyn, kvalitetssikring av tilsynsleveransen, A-krim samarbeid og fellestilsyn saman med Arbeidstilsynet, politi og brannvesenet. Trass i eit krevjande år med koronapandemi, kom eltilsynet i mål med tilsynsplanen.

Strategi og framtidssutsikter

Førebuinga med å innføre ny nettleige i desember viste at det var eit utfordrande tema å kommunisere til kundane. Høge straumprisar gjorde ikkje dette noko lettare. Media synte ny nettleige stor merksemd, og Mørenett AS var aktive både som kjelde og med lesarinlegg. Det er viktig å finne gode strategiar for korleis ein skal kommunisere den nye nettleiga til kundane.

Mål for nettkundedivisjonen:

- Å byggje opp divisjonen til å ta i mot fleire kundar
- Bli betre på å møte kundane sine behov
- Gi lågare nettleige til kundar som nyttar nettet smartare
- Å kople nye kundar til nettet raskare
- Forenkla og styrke kommunikasjonen med kundane, og nytte eit forståeleg språk


FORBRUK LOKALT DISTRIBUTJONSNETT

	2021	2020	2019	2018	2017
Leverert sluttbruker GWh	1 984	1 783	1 756	1 742	1 751
Tap GWh	104	81	94	100	87
Sum GWh	2 089	1 864	1 850	1 841	1 838
Tap i %	5,0	4,4	5,1	5,4	4,7

ANDRE NØKKELTAL

	2021	2020	2019	2018	2017
Nettkunder (aktive målepunkt)	72 550	66 941	66 077	65 467	64 985
Nettkunder på leveringsplikt (%)	1,6	2,2	2,7	3,1	4,2
Nettkunder på gjennomfaktureringsavtale (%)	92	90	90	90	90
Effektmaks (MW)	386	302	354	374	361
Energiproduksjon i regionalt distribusjonsnett (GWh)	1 430	1 697	1 368	1 400	1 660
Energiproduksjon i lokalt distribusjonsnett (GWh)	489	549	428	430	473
KILE (mill. kr)	21,1	22,1	18,3	30,8	8,1

“Mørenett AS skal vere eit kundeorientert selskap. Kundane skal kunne kommunisere med selskapet på ein enkel, rasjonell og definert måte.”





Utvikling 2021

Driftssentralen rekrutterte to nye medarbeidarar i 2021 for å fylle rolla som leiar for tilkopling og inngå i skiftordninga. Det krev lang opplæringsstid for å kunne arbeide sjølvstendig i rolla og inngå i skiftordninga.

Brenett AS vart ein del av Mørenett AS siste kvartal 2021, og i desember vart datainnsamlinga frå målarane til Brenett AS sine kundar omlagt. Resten av datainnsamlinga, fjernstyring og liknande blir integrert i Mørenett AS sine system i løpet av første halvår 2022.

Mørenett AS er inne i sluttfasen av å bli sertifisert innanfor ISO 9001-kvalitetsleiing. Dette prosjektet har pågått siste halvår 2021, og forventa sertifisering er i mars 2022. Driftssentralen jobbar systematisk med å forbetre leveransen av tenester, og ISO 9001 kvalitetsleiing er eit godt rammeverk for å utvikle dette vidare. Sams-tundes vert det arbeidd med datasystema som drifts-sentralen nyttar. Systema skal gi operatørane mest mogleg beslutningsstøtte, både i vanleg drift og i beredskaps-situasjonar.

Driftssentralen har også tatt i bruk meir data fra målarane ute hos kundane, for å kunne danne seg eit best mogleg situasjonsbilete.

I 2021 utgjorde Mørenett sine samla KILE-kostnader 21,1 mill. kr. Dette er fordelt på 5,7 mill. kr for planlagt vedlikehald og 15,4 mill. kr knytt til feil i nettet. Gjennomsnittleg avbrotskostnad var 49,7 kr/kWh og i snitt hadde kvar kunde 2,79 straumbrot med ei avbrotstid på 137 minutt.

Strategi og framtidsutsikter

Eit av Mørenett AS sine mål er å levere overvaking og drift av nettet frå BKK i sør til Tensio i nord. Mørenett AS og Linja AS er i gang med å greie ut ein mogleg fusjon. Mørenett AS har signert avtale med Statnett om kjøp av anlegg i heile Møre og Romsdal. Mørenett AS har godt samarbeid med og leverer tenester til alle selskapet er regionalnett-seigar for i dag. Ambisjonane framover blir å inngå tett samarbeid og levere tenester til resten av netteigarane i fylket.

DRIFTSSENTRALEN

Driftssentralen skal drifte og overvake alle sensorane i Mørenett AS sitt nett. Dette inkluderer hendingar frå målarane hos kundane, å overvake hendingar i nettstasjonar og fjernstyre større anlegg i lokalt og regionalt distribusjonsnett. Driftssentralen har 17 medarbeidarar, der 8 inngår i døgn-kontinuerleg skiftordning.



“Driftssentralen jobbar systematisk med å forbetre leveransen av tenester. ISO 9001 kvalitetsleiing er eit godt rammeverk for å utvikle dette vidare.”

STYRET I MØRENETT



ERIK ESPESET
STYRELEIAR

Stilling: Konsernsjef i Tafjord
Utdanning: Sivilingeniør NTH/NTNU,
Master of Business Administration,
Helsinki School of Economics



ELLING DYBDAL
NESTLEIAR

Stilling: Konsernsjef i Tussa
Utdanning: Sivilingeniør, NTH og
bedriftsøkonom, BI



NINA MELLE SCHARNING
STYREMEDLEM

Stilling: Organisasjonssjef i Tussa Kraft
Utdanning: Bachelor barnevern, arbeids-
rett, leiings- og psykologifag ved UIB,
Master of Business Administration




TERJE SØVIKHAGEN
STYREMEDLEM

Stilling: Økonomi- og finansdirektør
i Tafjord Kraft
Utdanning: Diplomøkonom, BI, MBA finans,
NHH og autorisert finansanalytiker, NFF



IDAR AUFLEM ØYE
STYREMEDLEM

Stilling: Ingeniør nettutvikling
Utdanning: Elkraftingeniør frå Høgskulen
i Bergen



FRODE VERPEIDE
STYREMEDLEM

Stilling: Energimontør
Utdanning: Energimontør